



Budsjett-innst. S. nr. 13 Tillegg nr. 4

(2002-2003)

Budsjettinnstilling til Stortinget fra samferdselskomiteen

St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002-2003), kap. 4.2

Innstilling frå samferdselskomiteen om BaneTele AS

Til Stortinget

1. PROGRAMKATEGORI 21.50 JERNBANE- FORMÅL - BANETELE AS

1.1 Samandrag

Forlenging av statslånet til BaneTele AS og refinansiering og privatisering av selskapet

I St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002-2003) foreslås forlengelse av statslånet til BaneTele AS, samt opplegg for refinansiering og privatisering av selskapet.

Ved etableringen av BaneTele AS 1. juli 2001 ble det gitt et midlertidig statslån til selskapet anslått til 196 mill. kroner med en løpetid på ett år, jf. St.prp. nr. 80/Innst. S. nr. 274 (2000-2001). I kgl. res. 15. februar 2002 ble det fastsatt endelige bevilgninger til etableringen av BaneTele AS. Egenkapitalandelen i selskapet ble satt til 40 pst. (224 mill. kroner), og lånet ble satt til 209 mill. kroner. Da BaneTele ikke har vært i stand til å oppfylle sine forpliktelser om tilbakebetaling av statslånet og for å få gjennomført en refinansiering av selskapet, ble det i kgl. res. 27. september 2002 gitt en ytterligere forlengelse av statslånet fram til 31. desember 2002, med mulighet for videre forlengelse fram til 30. juni 2003 under forutsetning av Stortingets samtykke. Det bes derfor om slik fullmakt fra Stortinget.

BaneTele AS kjøpte nettverkvirksomheten fra konkursboet til Enitel ASA for 300 mill. kroner i september 2001. BaneTele AS disponerer nå et fiberkabelnett på om lag 12 000 km (mot om lag 4 200 km ved etableringen av selskapet).

Etter kjøpet av nettverkvirksomheten i konkursboet Enitel framstår BaneTele i dag som et forskjellig og mer kommersielt selskap enn det som lå til grunn for omdanningen av BaneTele til aksjeselskap. Bredbånds-

kapasiteten ut over jernbanens nødvendige behov er betydelig, og virksomhetens karakter er nå i vesentlig mindre grad knyttet til jernbanevirksomhet. Regjeringen legger til grunn at selskapet kan hel- eller delprivatiseres og at industriell kapital alene, eller i kombinasjon med finansiell kapital, bør få anledning til å by på deler av eller alle selskapets verdier.

Med bakgrunn i at Regjeringen nå legger til grunn at det innledes en prosess for å bringe inn private eiere i BaneTele AS, har Regjeringen besluttet å flytte statens forvaltning av eierskapet og banklånet i BaneTele AS til Nærings- og handelsdepartementet med virkning fra 1. januar 2003.

Etter Regjeringens syn er de samfunnsmessige behov knyttet til jernbanens virksomhet dekket gjennom det avtaleverk som regulerer BaneTele AS' leie av Jernbaneverkets infrastruktur.

Forholdet til Statens jernbanetilsyns dispensasjon for kommunikasjon mellom togpersonale og togleiing i ein nødssituasjon

Det vises til tidligere omtale av saken i St.prp. nr. 1 (2002-2003) og St.prp. nr. 66 Om valg av trasékorridor for Ringeriksbanen m.m./Innst. S. nr. 274 (2001-2002). Samferdselsdepartementet legger vekt på en rask gjennomføring av tiltak som tilfredsstiller Jernbanetilsynets krav om togkommunikasjon.

Statens jernbanetilsyn ga 27. februar 2002 dispensasjon fra kravforskriftens bestemmelser om kommunikasjon mellom togpersonale og togledelse i en nødssituasjon på de strekninger som i dag ikke har togradiosystemer. Dispensasjonen er tidsbegrenset til 1. januar 2004. Tilsynet fattet 9. oktober 2002 et nytt dispensasjonsvedtak etter søknad fra Jernbaneverket, som forlenger den generelle dispensasjonen fram til 1. oktober 2004, med unntak av strekningen Bodø-Rognan på Nordlandsbanen.

Samferdselsdepartementet legger opp til at et oppdrag om utbygging og drift av GSM-R legges ut på offentlig anbud. I den forbindelse vil også finansieringen av GSM-R bli nærmere avklart.

Samferdselsdepartementet vil komme tilbake til Stortinget med mer konkrete planer for en GSM-R-utbygging som en egen sak, når det foreligger en nærmere avklaring med hensyn til organisering og finansiering.

1.2 Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sigrun Eng, Bjørgulv Froyn, Oddbjørg Ausdal Starrfelt og Tor-Arne Strøm, frå Høgre, Anne Berit Andersen, Brit I. H. Andreassen, Sverre J. Hoddevik og leiaren Petter Løvik, frå Framstegspartiet, Thore A. Nistad og Kenneth Svendsen, frå Sosialistisk Venstreparti, Geir-Ketil Hansen og Heidi Sørensen, frå Kristeleg Folkeparti, Odd Holten og Jan Sahl, og frå Senterpartiet, Jorunn Ringstad, viser til at Regjeringa i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002-2003) foreslår forlenging av statslånet til BaneTele AS, samt opplegg for refinansiering og privatisering av selskapet, og at det i proposisjonen vidare vert gitt ei orientering om forholdet til Statens jernbanetilsyn sin dispensasjon for kommunikasjon mellom togpersonale og togleiing i ein nødsituasjon.

Forlenging av statslånet til BaneTele AS og refinansiering og privatisering av selskapet

Komiteen har merka seg at saka er omhandla i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002-2003), der Regjeringa går inn for å flytte eigarskapet for BaneTele AS frå Jernbaneverket til Næringsdepartementet for så å selje delar av selskapet. Regjeringa går inn for å forlenge statslånet ytterlegare og gjer framlegg om at nedsalet skjer slik at lånet er nedbetalt innan 30. juni 2003.

Komiteen vil foreslå:

- "1. Uavhengig av eigarskapet til BaneTele AS, skal eigarskapet til Jernbaneverkets infrastruktur for telekommunikasjon verte verande i Jernbaneverket.
2. Kongen får fullmakt til å forlenge løpetida for statslånet til BaneTele AS til og med 30. juni 2003.
3. Kongen får fullmakt til å avgjere kven som skal vere generalforsamling i BaneTele AS.
4. BaneTele AS skal ikkje selgjast no. Dersom det er aktuelt med nye industrielle løysingar, er det ein føresetnad at dette skal leggjast fram for Stortinget som eiga sak."

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, vil foreslå:

"Kongen får fullmakt til å gjere om statslånet til ansvarleg lån."

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet vil foreslå:

"Statslånet til BaneTele AS på 209 mill. kroner blir gjort om til egenkapital."

Forholdet til Statens jernbanetilsyn sin dispensasjon for kommunikasjon mellom togpersonale og togleiing i ein nødsituasjon

Komiteen er kjent med at det alt er gitt ytterlegare dispensasjon frå kravet om nytt togkommunikasjonssystem fram til 1. oktober 2004, for alle banestrekningar med unntak av Bodø-Rognan på Nordlandsbanen.

Komiteen har òg merka seg at Regjeringa like etter at St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002-2003) vart lagt fram for Stortinget, påla Jernbaneverket å be BaneTele AS å levere tilbake sin GSM-R-lisens til Post- og teletilsynet.

Komiteen meiner at så vel konsesjonen for GSM-R som byggherreansvaret, skal ligge i Jernbaneverket. Jernbaneverket må så snart som mogleg lyse ut oppdraget med å byggje og drifte GSM-R på anbud. Komiteen meiner at dette er naudsynt for å sikre at tildelinga ikkje kjem i strid med EØS-avtalen då ein slik tvil ville kunne føre til alvorlege forseinkingar av GSM-R-utbygginga.

Komiteen er oppteken av at ein i utbygginga av eit GSM-R-nett må arbeide for å få ut mest mogleg av økonomiske og tidsmessige synergjar ved å samordne utbygginga i høve til andre nettutbyggingar og nettoperatorar.

Komiteen har merka seg at GSM-R-systemet tilfredsstiller kravforskrifta til naudkommunikasjonssystem, og at Jernbanetilsynet ser på GSM-R som ei prioritert løysing for togkommunikasjonssystem i Noreg. Dette systemet utgjer ein basis for andre togkommunikasjonssystem i Europa. For å gjere det mogleg å få dette systemet på plass så snart som mogleg, vil komiteen fremje fylgjande forslag:

- "1. Inntil eit GSM-R-nett langs jernbanestrekningane er operativt, vert det føresett at Regjeringa og Jernbaneverket syter for å betra tryggleiken slik at Jernbanetilsynet sine krav vert oppfylte innan dei gitte tidsfristane.
2. Stortinget føreset at Regjeringa sikrar at den kompetansen som er naudsynt for å sikra optimal framdrift av utbygginga, og som er utvikla i BaneTele AS sin prosjektorganisasjon, vert vidareført så lenge det er naudsynt.
3. Utbygging, drifts- og serviceavtalen mellom Jernbaneverket og utbyggjar må vere så langsiktig at det gjer det mogleg å lånefinansiere utbygginga av GSM-R."

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet, fremjer følgjande forslag:

- "1. Det er ein føresetnad at eit GSM-R-nett langs jernbanestrekningane i Noreg skal vera operativt innan 1. januar 2005 for dei banestrekningar som i dag ikkje har togradiosystem.
2. For strekninga Bodø-Rognan vert det føresett at Regjeringa og Jernbaneverket syter for å betra tryggleiken slik at Jernbanetilsynet sine krav vert oppfylte innan dei gitte tidsfristane."

Medlemene i komiteen frå Framstegspartiet og Sosialistisk Venstreparti vil foreslå:

- "1. Det er ein føresetnad at eit GSM-R-nett langs jernbanestrekningane i Noreg skal vere operativt innan 1. oktober 2004. Banestrekningar som i dag ikkje har togradiosystem skal prioriterast.
2. For strekninga Bodø-Rognan må GSM-R vere på plass innan 1. januar 2004."

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet vil understreke at dersom det skulle oppstå en situasjon hvor det aktualiseres en utvanning eller salg som følge av en industriell løsning med et privat selskap, må dette på en egnet måte forelegges Stortinget som egen sak.

Disse medlemmer vil understreke at en slik industriell løsning må bidra til at det skapes en slagkraftig norsk konkurrent til Telenor.

2. FORSLAG FRA MINDRETALL

Forslag fra Framskrittspartiet og Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 1

1. Det er ein føresetnad at eit GSM-R-nett langs jernbanestrekningane i Noreg skal vere operativt innan 1. oktober 2004. Banestrekningar som i dag ikkje har togradiosystem skal prioriterast.

Forslag 2

2. For strekninga Bodø-Rognan må GSM-R vere på plass innan 1. januar 2004.

Forslag fra Framskrittspartiet:

Forslag 3

Statslånet til BaneTele AS på 209 mill. kroner blir gjort om til egenkapital.

3. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til kap. 4.2 i proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slike

vedtak:

I

Stortinget samtykker i at:

1. Uavhengig av eigarskapet til BaneTele AS, skal eigarskapet til Jernbaneverkets infrastruktur for telekommunikasjon verte verande i Jernbaneverket.
2. Kongen får fullmakt til å forlenge løpetida for statslånet til BaneTele AS til og med 30. juni 2003.
3. Kongen får fullmakt til å gjere om statslånet til ansvarleg lån.
4. Kongen får fullmakt til å avgjere kven som skal vere generalforsamling i BaneTele AS.
5. BaneTele AS skal ikkje selgjast no. Dersom det er aktuelt med nye industrielle løysingar, er det ein føresetnad at dette skal leggjast fram for Stortinget som eiga sak.

II

Stortinget samtykker i at:

1. Inntil eit GSM-R-nett langs jernbanestrekningane er operativt, vert det føresett at Regjeringa og Jernbaneverket syter for å betra tryggleiken slik at Jernbanetilsynet sine krav vert oppfylte innan dei gitte tidsfristane.
2. Stortinget føreset at Regjeringa sikrar at den kompetansen som er naudsynt for å sikra optimal framdrift av utbygginga, og som er utvikla i BaneTele AS sin prosjektorganisasjon, vert vidareført så lenge det er naudsynt.
3. Utbygging, drifts- og serviceavtalen mellom Jernbaneverket og utbyggjar må vere så langsiktig at det gjer det mogleg å lånefinansiere utbygginga av GSM-R.
4. Det er ein føresetnad at eit GSM-R-nett langs jernbanestrekningane i Noreg skal vera operativt innan 1. januar 2005 for dei banestrekningar som i dag ikkje har togradiosystem.
5. For strekninga Bodø-Rognan vert det føresett at Regjeringa og Jernbaneverket syter for å betra tryggleiken slik at Jernbanetilsynet sine krav vert oppfylte innan dei gitte tidsfristane.

Oslo, i samferdselskomiteen, den 5. desember 2002

Petter Løvik
leder

Bjørgulv Froyn
ordfører

Geir-Ketil Hansen
sekretær